



Anni Sundal  
Haukelandsbakken 22 B  
5009 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 21/2167 - 21/25358

Saksbehandlar:

Morten Mangerøy Helland

morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:

15.04.2021

## Retting av grense i matrikkelkartet gbnr. 332/2 og 332/1

Kommunen har fått inn ein henvendelse frå eigar av gbnr. 332/2, angående feil i matrikkelkartet. Eigar ber om at feilen vert retta opp.

Feilen gjeld grensa mellom gbnr. 332/2 og 332/1. Vedlagt «matrikkelkart» viser korleis kartet ser ut per i dag. Grensa går i rett linje i punkta QP4-QP3-QP2, men der frå gjer den ein knekk til punkt QP1. Dette er i følge eigar av 332/2 feil, dei meiner grensa skal gå i rett linje heile vegen og at QP1 dermed er feilplassert i kartet. Feilen har mest truleg oppstått ved frådeling av gbnr. 332/15.

Ut i frå dokumentasjon frå frådelingssaka på gbnr. 332/15, kan ein tydeleg sjå at grensa for den nye eigedomen 332/15, ikkje skal vera samanfallande med grensa mellom 332/2 og 332/1. Dette ser ein tydeleg i vedlegget «Registreringsbrev» Grensa for gbnr. 332/15 kjem inn i grensa mot 332/1 lenger nord. Gbnr. 332/2 grensar ikkje til gbnr. 332/15.

Ut i frå den dokumentasjonen me har i dag meiner me at det sansynelegvis har skjedd ein feil ved digitalisering av grensene. I stede for å digitalisere eit nytt grensepunkt for 332/15, har grensepunktet mellom 332/2 og 332/1 blitt flytta lenger nord.

Me føreslår at me rettar opp grensa sånn at grenselinja mellom gbnr. 332/1 og 332/2 går i rett linje heile vegen. Vedlagt føl «Forslag til retting» som viser korleis me vil gjere denne rettinga, me vil slette grenselinja mellom QP1 og QP2, og teikne ny grenselinje mellom QP2 og G1. Grensa mellom 332/1 og 332/2 vil då endå opp i elv/bekk, ca. 9-10 meter lenger sør enn den viser i matrikkelkartet i dag. QP1 vil bestå som grense for gbnr. 332/15 og 332/1, men 332/2 vil ikkje lenger vere knytta til dette punktet i matrikkelkartet.

Vedlagt føl diverse relevant dokumentasjon me har funne i saka. Alt frå frådelingsaka på gbnr. 332/15.

**NB:**

Føremålet med rettinga er kun å forbetre kartet, det er grensene i marka og skylddelingsdokument som er rettsleg bindande. Denne rettinga er ikkje ei endring av grensene men ei retting av feil i matrikkelkartet. Kartet vil fortsatt ha usikker kvalitet etter denne rettinga. Skal grensene ha god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alle berørte og mogleg berørte partar vert med dette varsla om forslag til retting. Me ber om at dersom de har merknadar til rettinga gjer oss ei tilbakemelding innan **06.05.2021**. Dersom me ikkje høyrer noko innan den datoen vert grensene ført i matrikkelen som beskreve. I etterkant av matrikkelføring vil partane ha formell klagerett.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg å referer til saksnummer 21/2167. For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Med helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Delingskart 332-15  
Forslag til retting  
Matrikkelkart  
Mellombels forretning  
Nabovarsel deling  
Registreringsbrev 332-15

**Mottakarar:**

Anni Sundal	Haukelandsbakk en 22 B	5009	BERGEN
Bjørn Gripsgård Knudsen	Myrtveitvegen 39	5919	FREKHAUG
Hermann Olsvoll	Myrtveitvegen 47	5919	FREKHAUG
Svein Magnus Hågøy	Haukelandsbakk en 22 B	5009	BERGEN